



DEN NORSKE KYRKJA

**Osterfjorden sokneråd
Ørnnova 21
5993 Ostereidet**

10.12.2018

Kirkerådet

Uttale om kyrkjeordninga. Handsama i soknerådet i Osterfjorden, Nordhordland prosti 4.12.18. Samrøystes vedteke.

Utkastet til ny kyrkjeordning er i stor grad i tråd med det som er vedteke i Stortinget og Kyrkjemøtet. Vi har berre nokre få merknadar:

Til § 3: I Det nye testamentet (Mark 16,16; Luk 12,8; Joh 3,16.18; Rom 10,9-11) og vedkjenningsskriftene er tru og vedkjenning sentral for ein som blir inlemma i den kristne kyrkja. Harald Hegstad siterer i LK nr. 20/2018 s. 459 frå kyrkjemøtet i2004, der dei seier: «Som folkekirke er den ikkje identisk med nasjonen, men er et særegent fellesskap bygd på dåpen og troen». Det er etter vårt syn viktig å ha med tru og vedkjenning som heilt sentrale element i ei evangelisk kyrkje.

Til §8: Sjå § 22.

Til § 13: Når brudepar vil gifte seg der dei kjem i frå etter at dei har meldt flytting, må dei ofte betale ein del. Same gjeld gravferder (jfr. NOU «Lik og likskap»). Det er dyrt når nokre ønskjer å gravleggjast der dei har røtene sine, eller evt. der barna er busett eller liknande. Kyrkja bør arbeide for å fjerne denne ulikskapen. Det stór ikkje opp om folkekyrkja, men skapar misnøye. Ein må heller finne andre måtar å rette opp for belastningane einskilde kyrkjelydar måtte få.

Til § 19: I dag er krava til sakshandsaming, rekneskap, arkivering mm. så høge at ein ikkje kan rekne med at friviljuge alltid har naudsynt kompetanse eller tid til å gjere dette forsvarleg. Kan det seiast sterkare? Til dømes: «Soknerådet må vedta at ein av soknet sine tilsette skal vere dagleg leiar av versemda, dersom ikkje dette kan gjerast av kompetente friviljuge medarbeidarar.»

Til § 20, tredje ledd: Dette bør presiserast: Avgjerder om å opprette stilling må godkjennast av kyrkjeleg fellesråd, med unnatak om stillingar som blir finansiert av soknerådet sjølv: Til dømes deltidsstillingar i song- og musikkarbeid, barne- og ungdomsarbeid eller diakoni.

Til § 20, åttande ledd: Presisering naudsynt. «gjev uttale så langt det er råd»... eller liknande. Sokneråd er særst ulike, med ulik kompetanse. Med alle høyringane som har vore og blir, må det vere legitimt å ikkje svare, dersom ein ikkje ser seg i stand til det. Med opplysningar stiller det seg annleis, sjølvstgt.

Postadresse:
Ostereidet kyrkjekontor
Ørnnova 21
5993 Ostereidet

E-post:
ostereidet@lindas.kyrkja.no

Telefon
56357230

Til §21: Det er naturleg å forstå dette slik at sjølv om ein prest er medlem med stemmerett i soknerådet, så har han/ho ikkje stemmeret på soknemøtet dersom han/ho ikkje bur i soknet. Trengst det ei presisering?

Til § 22, Første ledd: Dette kan tolkast som ei svekking av den einskilde kyrkjelyd sin rett til sjølvstendig å prøve om nye liturgiar og lære er i samsvar med skrift og vedkjenning, jfr. § 8. «*Forholdet til den øvrige kirkeordning. Den norske kirkes ordninger og praksis skal være i samsvar med Den norske kirkes grunnlag.*» Vi meiner den einskilde kyrkjelyd kan og bør ha dette ansvaret.

Til § 32. Vi meiner demokratiet i Den norske kyrkja bør byggjast nedanfrå, slik at sokneråda sin stemme kan høyrast og bli lagt vekt på i bispedømeråd og kyrkeråd. (Ein kan gjerne samanlikne med valet av stortingsrepresentantar). Difor bør framleis sokneråda velje representantar til bispedømerådet.

Ostereidet sokneråd 4. desember 2018.
Espen Bø, soknerådsleiar

Postadresse:
Ostereidet kyrkjekontor
Ørnnova 21
5993 Ostereidet

E-post:
ostereidet@lindas.kyrkja.no

Telefon
56357230